



Røsseland arbeider for fullt med opparbeiding av tomtane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**No er det endeleg fart på tomtesalet i industriområdet på Børnes. Berre i den siste journalen til kommunen er det 3 saker om oversending av eigengodkjenning for signering, Det gjeld Ospelunden AS i Uskedalen, Per og Steinar Vekve Holding AS på Husnes og Jarle Apeland i Dimmelsvik.**

Kommunen melder at delingssøknaden på tomtane er ferdigbehandla og at sakene er sendt vidare til oppmåling.

Når det er skjedd, og dei har fått tildelt gards- og bruksnummer vil det verta utferda skøyte på eigedommane og dei sendast til tinglysing.